

Det kongelege kultur- og kyrkjedepartementet

Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Evaluering av den kulturelle skulesekken - høyringsuttale frå Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF)

Samarbeid med den Kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane

Høgskolen har hatt ein representant i styringsgruppa (dekan på avdeling for lærarutdanning og idrett), og 1 representant i fylket si referansegruppe. Utover dette har høgskulen i samarbeid med DKS vore medarrangør av fleire konferansar. "Seksjon for kunstfag" ved høgskulen har også gjeve bidrag med kurshaldarar og turnetilbod. Dagleg leiar for DKS i fylket har informert om DKS i vidareutdanninga "Leik, dans og drama", og DKS er tema på det komande Lærarstemnet i april 2007.

Dei estetiske faga i lærarutdanninga

HSF ønskjer ei sterkast mogeleg forankring og tett samarbeid med Skulesekken på fylkesnivå. Dette vil gjere det naturleg å implementere DKS som tema i undervisninga på allmennlærarutdanninga og i eventuelle vidareutdanningar. Dei estetiske faga er ikkje lenger obligatoriske fag i lærarutdanninga, og det kan svekke skulane sin kulturfaglege kompetanse. Samstundes er kvaliteten i Skulesekken sitt møte med elevane i høg grad avhengig av læraren sin kulturfaglege kompetanse, som det er peika på i evalueringa. Derfor meiner Høgskulen at det må utviklast betre og meir forpliktande samanhengar mellom grunnskule, DKS og høgare utdanning. Høgskulane har kompetanse både som utøvande og skapande kunstnarar, og fagdidaktisk kompetanse. Det kan og vere ønskjeleg at DKS utviklar særskilde satsingsområde i samarbeid med høgskulane slik at den kulturfaglege kompetansen kan hevast i skulen. Eit tiltak kan og vere å ha eit tettare rådgivande samarbeid knytt til kvalitetssikring av tilboda i DKS.

Med helsing
Høgskulen i Sogn og Fjordane
Avdeling for lærarutdanning og idrett

Rasmus Stokke
Dekan